



NOKRE NAMN I TINGVOLL

Av Tor Erik Jenstad

HAFELLÅ

Vi begynner på vestsida av Stølvatnet: Her er *Hafellå* eit interessant namn. Som gards- eller bruksnamn finst det fleire stader nordafjells.

I tillegg til Tingvoll har vi det i Rindalen, Rissa, Skaun, Stjørna, Leksvika og på Byneset, for å nemne nokre. I Sunndalen har vi Hafellbakkan. Opphavet er ordet *hagfelle*, som Oluf Rygh gir denne forklaringa på i Norske Gaardnavne: «Gjerde, især et, som er dannet af fældede Træer, dernest med et saadant Gjerde indhegnet sted».

Det er altså ei parallell utvikling som den vi har i gard og gjerde, som frå først av har betydd inngjerding, *utgard*, men som seinare har gått over på det området som er innafor gjerdinga. For den del er det noko liknande som har skjedd med ordet *hage*.

Kjem av hagfelle

Hafelle kjem altså av hagfelle. Som ord i språket utanom namna, har det nok stort sett døydd ut på Nordmøre og i Trøndelag, men i Nord-Gudbrandsdalen og fleire andre stader austafjells er dette det vanlege ordet for gjerde eller skigard. Det kan også vera bruka meir spesifikt om «gjerde av felte tre (stomnar) som ligg slik at toppen av eit tre ligg over stommen på det neste» (Norsk Ordboks definisjon), eller «(laust oppsett) gjerde av tre, ris og kvist» (også etter Norsk Ordbok). Det tilsvarar da det vi gjerne kallar *risutgard*.

Arnold Dalen har fortalt om ein talemåte frå Skogn der ordet har overlevd: «- Det gjer godt åt gammel hafella» - sagt som ei slags trøyst når det kom regn f. eks. i tørrhøyet. Ein meldaling trøysta seg i tilsvarande situasjon med at «det gjer godt åt ratutgardom».

I norrønt finst samansetninga *hagfellugarðr*. Hag- går tilbake til hage, og fell- er på grunn av dei felte trea. I rettskrivinga kan ein bruke både *hagfelle* og *hafelle*.

KNUT K. SORDALS VERDIFULLE SKISSER

Så skal vi over til to skisser av Knut K. Sortdal. Desse var laga ut frå namna han hugsa som unggut rundt 1900 (fødd 1887). Den største skissa, side 106, står også på trykk i bygdaboka for Tingvoll. Her får vi eit interessant bilde av namnebruken på Svortdals-*leigmålet* på den tida. Det er sikkert mange av desse namna som er ute av bruk i dag.

Namna er skrivne nær opp til dialekten, f.eks. sluttar svake hokjønnsord på *-å* (Hyllå, Sagekrå) og hankjønnsendinga *-an* er skrivi *-ain* for å få fram den palatale uttalen (*Hagain*, *Sagbakkain*). Somme av namna er på grensa til det vi vil kalle samnamn (appellativ), som Storgrinna, Sommarfjøse, Sagja og Vægaskifte. Vi finn også ordsamband som «Ovafær vægja». Grensene for valdet er market med «Vikalægmaile» på ei side og «Rimstalægmaile» på den andre, og «Bytkorse» oppe i spissen.

Svortdalen

Vi kan notere oss at han skriv *Svortdal'n* med *v*, og likeeins *Svortdalsbekken* og *Svortdalseterve'n*. *V*-en er den opphavlege her, og Rygh i Norske Gaardnavne meiner førsteleddet er eit elvenamn *Svorta* (til svart). Det må i så fall ha vore eit eldre namn på Svortdalsbekken. *Sortdal* utan *v* blir meir ei slektsnamnform.